

Fylkesmannen i Hordaland

Meland Kommune, Ref 16/2641 – 17/4368, Saknr 61/2017 datert 08.03.2017

(Meland Kommune v/saksbehandlar Tore Johan Erstad)

Eivind Sagstad

måndag 27. mars 2017

Sagstadvegen 135

5918 Frekhaug

Klage på ”Avslag – GBNR 19/2, Sagstad – Søknad om frådeling av teig frå landbrukseigedom”

Som nevnt i søknaden har eg i all hovedsak pakta teigen siste 5 åra. Ja, det har vore beita ved eit par anledningar men då i korte periodar og begrensa areal. Berre ein mindre del av teigen er drenert nok til at den egnar seg til det formålet. Det må leggjast ned betydelege ressursar/kostnader med grøfting for i det heile å kunne nytte lett reiskap til pussing/slått eller eventuelt nytte arealet til beite for sau.

Snart er det 15 år sidan sidan drifta vart lagt ned på 19/2. Mykje pga dårlig forteneeste slik driftsforholda var då. Eg vil tru at det neppe blir kostnadsmessig forsvarlig å starte ny drift. Til det vil investeringane på bruket bli for store. Jorda må då paktast av andre som driv meir moderne slik det er i dag. Trenden i jordbruksoppdrag viser vel då at kvart areal bør vera av ein slik storleik/beliggenhet at det er den som paktar økonomisk tenleg. Teigen det er søkt om fell vel neppe innunder den kategorien. Med slik drift finn eg det vanskelig å tru at ei frådeling vil ha innverknad på ressursgrunnlaget til hovedbruket.

De skriv og at frådeling ikkje vil gje grunnlag for noko jordbruksdrift. Slik eg ser det vil teigen ha større landbruksverdi som eigen matrikkelen. Som nevnt i skrivet frå Dykk så er påreknelig drift på arealet beitebruk. Eit av formåla mine med å søkje var å på sikt kunne tilby eit fint beiteområde og samstundes oppretthalde kulturlandskapet. Det er ikkje søkt om enring av bruk. Teigen for vår eigen del vil også danne grunnlag for litt produksjon av grønnsaker, poteter eller bær. Den tilhøyrande bygningen (tidligare vinterfjøs) vil også ha ein verdi i den samanheng.

Som eigar av den nye matrikkelen vil eg på tryggare vis kunne gjere dei naudsynte investeringane som skal til for å oppretthalde/tilbakeføre området til ein ressurs. Legg til at eigar av 19/2 stiller seg svært positiv til overtagelse og skriv også under her.

Me ber Dykk difor om å sjå på avgjerdene på nytt.

Mvh,

Eivind Sagstad (Tiltakshavar)

Cato Sagstad (Eigar av 19/2)